



Hordaland fylkeskommune

Kulturavdelinga

**Vår ref.**

17/34-42/N - 258/MARS

**Dykkar ref.**

**Dato:**

23.02.2018

## **Hordaland fylkeskommune - rapport DKSS 2017**

Kvam herad fekk i sak 130/2016 kr 126 000 i tilskot frå Hordaland fylkeskommune til Den kulturelle spaserstokken i Kvam for 2017.

Vedlagt ligg utskrift frå Kvam herad sitt rekneskap, ført på K110 for 2017 som dokumenterer Kvam herad sin bruk av tilskotsmidlane. Kvam herad har i tillegg til tilskotsmidlar frå Hordaland fylkeskommune brukt kr 38 987 frå eige budsjett.

Kvam herad lyste ut tilskotsmidlane, og vedlagt ligg kopi av sak 056/17. Tilskotet frå Hordaland fylkeskommune har vore brukt til å gje eldre i Kvam varierte kulturopplevingar av høg kvalitet. Vi har hatt samarbeid med Kabuso, Hardanger fartøyvernssenter, Ingebrigt Vik museum, Bygdagnist ( Storeteigen bygdemuseum), Hardingtonar, Kinckdagane m.fl, samt ulike andre arrangørar. Alle tilskotsmottakarar har sendt inn rapport til Kvam herad før utbetaling av tilskotet.

Den kulturelle spaserstokken har gjeve mange ulike kulturopplevingar for eldre i kommunen, og vi har prioritert tiltak på institusjonar. Vi har fått mange og gode tilbakemeldingar på arrangement knytt til Den kulturelle spaserstokken, og det er særleg institusjonar der bebuarar ikkje har høve til å delta på kulturarrangement utanfor institusjon som har ekstra utbytte av dette. Det er viktig for kommunen at alle eldre på institusjonar får eit kulturtilbod uavhengig av kvar dei bur i kommunen. Kvam herad har 4 institusjonar, og nokon har fleire avdelingar, samt Dagsenter.

Kvam herad takkar for tilskotet som har gjort det mulig å gje tilbod om varierte kulturopplevingar av høg kvalitet for eldre i 2017.

Ta gjerne kontakt om de har spørsmål.

Helsing

**Mary Ann Sørheim**

Kulturkonsulent

Telefon: 56556906

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Mottakarliste:**

Hordaland

Kulturavdelinga

fylkeskommune

**Vedlegg**

26.02.2018

26.02.2018

26.02.2018

**Tittel**

Kopi av 110 Den kulturelle spaserstokken\_ rekneskapsrapport 2017

Tilskot Den kulturelle spaserstokken 2017

Ariv Aasprang m.fl - Julekonsertar 2017, Den kulturelle spaserstokken